



jenter-16 er klar for finale

Fotballaget i klassen for jenter-16 år har hatt ein svært god sesong i 2. divisjon. Etter å ha gått gjennom serien med to uavgjorte kampar og resten sigrar, resulterte det i topplass i pulja. Derfor var det søndag duka for semifinalekamp om krinsmeisterskapen for Hordaland på Heio. Gjester var laget til Varegg/Sandviken som vann ei anna pulje.

Rosendalslaget, med dei tre Uskedals-jentene Helena Haugland, Elisabeth Sæle og Ida Røssland på laget, gjekk hardt ut frå start. I opningsfasen viste laget glimrande spel. Dei kombinerte flott, og ballen gjekk fint frå spelar til spelar. Gjestene frå Bergen hadde i denne perioden meir enn nok med å forsvare seg. Dette skulle snart gje teljande resultat. Laget vart tildelt frispark like utanfor sekstenmeteren. Ein av dei mange gode spelarane på laget, Linn Tveiten, sendte i veg ein velplassert susar. Dermed stod det 1 – 0 i målprotokollen allereie etter at om lag 5 minutt av kampen var spela. Og ikkje nok med det. Eit par minutt seinare var den same Linn på farten att. Ho vende vekk det som var av forsvarsspelarar. Roleg og ballansert sette ho ballen til side for motstandarane sin keeper. 2 – 0 til heimelaget.

Utover i omgangen kjempa gjestene seg inn i kampen, og dei var fullt på høgde i banespel. Likevel hindra godt forsvarsspel frå heimelaget dei frå å koma til klare målsjansar. Dermed stod det 2 – 0 ved pause.

Den 2. omgangen starta med at gjestene hadde eit visst press i banespelet, men Rosendalslaget kjempa seg meisterleg inn i kampen, og tok over kommandoen. Dei gode målsjansane kom ganske så tett, m.a. med to gode skot i tverrleggjaren. I denne gode perioden vart kampen i realiteten avgjort. Ida Røssland fekk kjempetreff og sende i veg eit kanonskot. Keeper var sjanselaus, og dermed 3 – 0. Såleis var det dei to yngste spelarane på banen som hadde fått namnet sitt i målprotokollen.

Etter dette kontrollerte heimelaget kampen. Trass i gode sjansar stod dette resultatet seg kampen ut. Ein svært fortent siger. Dermed er laget klar finalekamp neste helg. Skulle det bli siger der, kan laget titulera seg som krinsmeister. Trenarar for laget er Lise Christensen Sætrevik og Tore Furnes.

Ungdomsleiar i RT fotball, Arvid Nes, seier at dei har store forventningar til dette laget framover. Han peikar på at det er eit ungt lag, og at alle spelar i J-16-klassen også neste sesong. Då vil laget bli meldt på i 1. divisjon. Vi let oss imponera av spelet til laget, og trur dei vil bita godt frå seg i den divisjonen og.

Uskedal.no ønskjer lukke til i finalekampen komande helg.

Av Thor Inge Døssland



Jentene i aksjon under kampen mot Varegg/Sandviken .